

Innkalling til introduksjonskurs om elevrådsarbeid

Torsdag 7. september 2017

"Elevrådet skal fremja fellesinteressene til elevane på skulen og arbeida for å skapa godt lærings- og skolemiljø"

(Opplæringslova)


Tidsplan for kurset:

11.44 - 11.55: Oppstart

11.55 - 12.35: Kva gjer eit elevrådsarbeid

Utdeling og gjennomgang av elevrådsheftet. Her blir det blant anna fokusert på følgjande punkt:

- Kvifor har vi elevråd på skulen vår?
- Ulike rollar i elevrådet – kven gjer kva?
- Rutinar for elevrådsmøte. Innkalling, oppmøte, referat m.m.
- Å gjennomføre eit klassemøte
- Møteleiing og møtekultur – kva må me tenkje på?



12.35 - 12.40: Pause

12.40 – 13.05: Diverse val

- Val av sekretær (denne personen skriver referat frå kvart møte)
- Val av representantar til skulemiljøutvalet (to frå 10.trinn + ein frå 8.trinn og ein frå 9.trinn.)
- Val av representantar til OD-komiteen (6 elevar, blant tillitselevar og vararepresentantar - to frå kvart trinn)
- Val av representantar til skuleval-komiteen (6 elevar, blant tillitselevar og vararepresentantar - to frå kvart trinn)

13.05- 13.25: Aktivitet

13.35 - 13.45: Kva meir skal me jobbe med i år?

Har det dukka opp saker frå klassane?

No får du sjansen til å informere elevrådet om sakene som er viktige for din klasse. Det blir ikkje tid til å diskutere kvar enkelt sak denne dagen, men sakene blir satt opp på elevrådsmøta utover skuleåret.

13.45 - 14.10: Pizza og brus!

Viss det er nokon som ikkje likar/tåler pizza, må me få beskjed om det snarast!

14.10 - 14.20: Avslutning

Praktisk informasjon om kurset

Dag: Torsdag 7. september

Time: 4.- 6. time

Rom: Musikkrommet i 4.og 5. time, Kantina i 6. time.

Ta med: Viss klassen din har saker til elevrådet, må du skrive dei ned og ta dei med.

Ta med sekken din, så trenger du ikkje innom klasserommet når kurset er slutt.

Me håpar dette blir eit lærerikt, kjekt og nyttig kurs - vel møtt!

Helsing Markus